



Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	15.04.2013
Tid:	12:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 13/9	Referatsaker	
PS 13/10	Dispensasjon - Reparasjon av moloane på Gnr. 41 bnr. 24 - Agnar Opstad	2013/62
PS 13/11	Kommunal planstrategi for Midsund kommune	2013/86

Midsund, 09.04.2013

Einar Øien
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 13/9 Referatsaker



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2013/62-7
Arkiv: 41/24
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 04.04.2013

Saksframlegg

Dispensasjon - Reparasjon av moloane på Gnr. 41 bnr. 24 - Agnar Opstad

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/10	Planutvalet	15.04.2013

Forslag til vedtak:

Agnar Opstad får dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til utviding/reperasjon av småbåthamn, massesprenging på land samt forsterkning av plastring på molo, på gnr. 41 bnr. 24 på Opstad.

Lovheimel: Plan- og bygningslova § 19-2

Vilkår (utdrag frå MR - fylke si fråsegn):

Automatisk freda kulturminne

Vi har ingen merknader til sjølve tiltaket, men vi ønskjer å minne om at det vest for tomte ligg automatisk freda gravrøyser. Det må ikkje køyrast over gravrøysene eller sikringssona rundt dei, som er 5 meter frå synleg ytterkant. Det er heller ikkje lovleg å skjule eller dekke til gravminna med utgraven masse frå arbeidet med moloen.

Aktsemd og meldeplikt i kulturminneloven § 14.

Saksutgreiing:

Agnar Opstad søker om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 til utføring av fleire tiltak ved hamna på gnr. 41 bnr. 24.

Det vert søkt om utviding av småbåthamn samt forsterking av plastring på molo.

Tiltaket ligg i eit LNF-1 område i kommuneplanens arealdel og i 100-metersbeltet langs sjøen. Tiltaket vil ikkje røyve landbruksinteresser på garden.

Saka vart sendt på høyring den 22.02.2013 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kystverket, Molde og Romsdal havn IKS. Fråsegna vert kort referert her, og følgjer saka som prenta vedlegg.

Møre og Romsdal fylkeskommune, fråsegn datert 08.03.2013:
Meldeplikt ved arkeologiske funn.

Automatisk freda kulturminne

Vi har ingen merknader til sjølve tiltaket, men vi ønskjer å minne om at det vest for tomta ligg automatisk freda gravrøyser. Det må ikkje køyrast over gravrøysene eller sikringssona rundt dei, som er 5 meter frå synleg ytterkant. Det er heller ikkje lovleg å skjule eller dekke til gravminna med utgraven masse frå arbeidet med moloen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fråsegn datert 27.02.2013:
Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ikkje merknader til søknaden.

Kystverket, fråsegn datert 26.02.13:
Kystverket har ikkje innvendingar til at det dispenserast.

Molde og Romsdal havn IKS, fråsegn datert 26.02.2013:
Molde og Romsdal havn IKS har ingen merknader til søknaden.

Vurdering:

Rådmannen ser på det som ein fordel at ein samlar båtar i større anlegg. Dette er ei betre løysing enn bygging av store naust med eigen molo.

Sentrale myndigheiter kommentarar til at det vert gjeve dispensasjon.

Det er ikkje registrert utvalde naturtypar i området tiltaket er tenkt utført, men det er registrert observasjon av fiskemåse i området i Artskart. Fiskemåsen er registrert som nær trua i raudlista for 2010. Kravet i § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er dermed oppfylt. Det er ikkje grunn til å anta at det er trua naturtyper eller andre trua arter i det aktuelle området. Føre-var prinsippet blir difor tillagt mindre vekt i saka.

Rådmannen antar at tiltaket ikkje vil få påverknad for leveområde og næringskjelde for fiskemåsen. Ein legg difor til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfoldlovens §§ 9-12.

Rådmannen vurderer at det ligg føre klare fordelar med ei utviding av eksisterande hamn. Då området i stor grad er bebygd frå tidlegare, kan ikkje rådmannen sjå at omsynet til 100-meters beltet og LNF-1 området blir vesentleg tilsidesett. Det er då grunnlag for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.

Rådmannen rår til at Agnar Opstad får dispensasjon frå kommuneplan og plan- og bygningslova § 1-8.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Fylkesmannen i Møre og Romsdal,
Møre og Romsdal fylkeskommune,
Kystverket,
Molde og Romsdal havn IKS.

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Fråsegnspartar
Agnar opstad



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2013/86-4

Arkiv:

Saksbeh: Linda Heimen

Dato: 05.04.2013

Saksframlegg

Kommunal planstrategi for Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/11	Planutvalet	15.04.2013

Forslag til vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 10-1, vedtek Planutvalet å legge forslag til Kommunal planstrategi ut til offentlig ettersyn frå 16.4.2013 -15.5.2013.

Saksutgreiing:

Etter plan og bygningslova § 10-1, skal kommunestyret seinast eit år etter konstituering utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien skal vere eit dokument der ein drøftar planbehovet i kommunen i valperioden. I tillegg skal kommunestyret vurdere om kommuneplanen heilt eller delvis bør reviderast.

Gjennom arbeidet med planstrategien skal kommunen innhente synspunkt frå statlege og regionale organ, samt nabokommuner. Kommunen skal ta omsyn til nasjonale og regionale føringar som er lagt fram i eigne dokument. Dei nasjonale føringane har fokus på område som klima og energi, by og tettstadsutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap og helse, livskvalitet og oppvekstmiljø. Føringane frå Møre og Romsdal fylke oppfordrar til å halde fokus på folkehelse, universell utforming, likestilling, miljø og klima, barn og unge og internasjonalisering.

Planstrategien er ikkje juridisk bindande, og er meint som retningsgivande for den kommunale planlegginga. Innhaldet og utarbeidinga av planstrategien kan derfor tilpassast etter situasjon og behov i kvar einskild kommune. Den kommunale planstrategien er ikke ei plan, men eit verktøy for å kartlegge og prioritere planarbeidet i kommunen i kommunestyreperioden.

Forslaget til vedtak skal gjerer offentlig kjent i minst 30 dagar før kommunestyrets behandling.

Vurdering:

Det er no få kommuner att som enda ikkje har vedteke ein kommunal planstrategi. Det er derfor viktig at dette blir gjort slik at ein så fort som mogeleg kan komme vidare med anna viktig planarbeid.

Midsund kommune har ein samfunnsdel som vart vedteke i 2011. Når denne vart utarbeida vart utviklingstrekk og utfordringane til Midsund kommune analysert og vurdert. I planstrategien skal ein vurdere om det har skjedd endringar i samfunnet av ein slik grad at kommuneplanen bør reviderast i kommunestyreperioden. Arealdelen av kommuneplanen skal byggje på føringar frå samfunnsdelen.

Det er og ei rekke med fag og sektorplaner som bør oppdaterast etter nye endringar i lovverk og rammevilkår dei siste åra. Reguleringsplanane i Midsund kommune vil bli behandla i eiga sak seinare i 2013.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Linda Heimen
Samfunnsplanleggjar

Vedlegg (prenta): Forslag til planstrategi for Midsund kommune

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift til: